

1. Innleiing

I 2013 etablerte Universitetet i Bergen ein budsjettpost for støtte til Open Access-publisering. Dette er ei treårig prøveordning som går frå 2013 til 2015. Universitetsbiblioteket har fått ansvaret for å administrere budsjettposten og handsama søknadar.

2. Bruk

Det kom inn 344 søknadar om støtte i 2015, og 325 av desse vart innvilga. 16 søknadar vart avslått og tre trekt tilbake/ikkje behandla. Avslagsgrunnane var at artikkelen allereie var publisert (4 stk), feil adressering (4 stk), ikkje tellande publiseringskanal (3 stk), utgjevar tilbød ikkje Creative Commons-lisens (2 stk), utgjevar tilbød ikkje Open Access (2 stk) og manglande oppfylling av betalingsrutinar (1 stk).


33 % av dei innvilga søknadane var til artiklar i reine Open Access-tidsskrift, 66 % var til hybride tidsskrift og 1 % var til bøker. Det medisinsk-odontologiske fakultet er eininga med klart flest innvilga søknadar (166), etterfulgt av det matematisk-naturvitenskapelige (78) og det psykologiske fakultet (36). Dei seks andre einingane (humanistisk, samfunnsvitenskapelig, juridisk, SARS, Universitetsmuseet og Universitetsbiblioteket) har relativt få søknadar.

2015	Innvilga, rein OA	Innvilga, hybrid	Bøker	Innvilga, totalt
	108	215	2	325
Det humanistiske fakultet:	3	8		11
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet:	14	64		78
Det medisinsk-odontologiske fakultet:	72	94		166
Det samfunnsvitenskapelige fakultet:	2	10	2	14
Det juridiske fakultet:	0	2		2
Det psykologiske fakultet:	11	25		36
Universitetsmuseet i Bergen:	1	8		9
Sars:	4	4		8
Universitetsbiblioteket:	1	0		1

Tabell 1: Oversikt over innvilga søknadar i 2015, fordelt på fakultet/eining og Open Access-tidsskrift, hybride tidsskrift og bøker.


Figur 1 viser fordelinga av dei innvilga søknadane mellom hybrid, reine Open Access-tidsskrift og bøker.¹ 66 % av dei innvilga artiklane er til hybrid artiklar, medan 22 % er til artiklar i Open Access-tidsskrift, 1 % er til bøker.

¹ Publiseringskanalar hjå DBH: <https://dbh.nsd.uib.no/publiseringskanaler/Forside>



Totalt vart det innvilga støtte for 8 054 766 kr inkludert MVA², med snittpris per artikkel på kroner 23 960. Det er store skilnadar i pris mellom Open Access-tidsskrift og hybride tidsskrift. Snittet for dei innvilga artiklane i Open Access-tidsskrift var 16 850, medan snittet for hybride tidsskrift var ca. 27 370 . Snittpris for bøker var 174 840.

Figur 2 viser fordelinga av dei innvilga søknadane i nivå i DBH³. 73 % av dei innvilga artiklane er nivå 1-artiklar, medan 27 % er nivå 2-artiklar. 5 av dei 88 nivå 2-artiklane er frå Open Access-tidsskrift.




Figur 1: Fordeling av innvilga artiklar på nivå hjå DBH.

² Det vil vere noko avvik mellom innvilga (estimert) beløp og fakturert beløp.

³ Publiseringsskanalar hjå DBH: <https://dbh.nsd.uib.no/publiseringsskanaler/Forside>

PhD-kandidatar var den stillingskategorien med flest innvilga søknadar, fylgt av professorar. Dei tre stillingskategoriane postdoktor, forskar og fyrsteamanuensis var relativt like med tanke på innvilga søknadar.



Figur 3: Fordeling av innvilga artiklar på stillingskategoriar.



Dette verk er lisensieret under en [Creative Commons Navngivelse 3.0 Norge lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/no/)